

**Fra:** Alvar Melvær [alvar-m@online.no]  
**Sendt:** 23. september 2013 16:54  
**Til:** NVE  
**Kopi:** Fylkesmannen i Sogn og Fjordane; Sogn og Fjordane fylkeskommune; Søltnæs, Eyvin; Haugen Brit Torill; Kjellevold Dag; Pettersen Steinar  
**Emne:** Tilleggsfråsegn: Steindal kraftverk i Flora kommune.

Til NVE, Konesjonsavdelinga.

Vi viser til høyringsfråsegna vår av 10.07.2013, som framleis er gjeldande fullt ut, og til NVE si sluttsynfaring 20.09.2013.

Under synfaringa, og til dels også i høyringsrunden, kom det fram ein del for oss nye opplysningar som vi ønskjer å kommentere. Særleg er desse nye opplysningane knytte til røyrгатetraseen langs Kleivelva, altså på strekninga frå etter kryssinga av Håsteinselva og ned til kraftstasjonane både for utbyggingsalternativ A og B.

#### **Røyrгатetrase langs Kleivelva for Utbyggingsalternativ B:**

Synfaringa viste at på ei strekning mellom litt nedanfor kryssinga av Håsteinselva og kraftverket som er planlt ved inntaket til Skolten kraftverk, er det svært vanskeleg terreng for framføring av ei nedgraven/nedsprengd røyrgate. Terrenget langs elva er **svært** bratt, og sprengingsarbeida vil bli både omfattande og vanskelege. Det er også **stor** fare for, og neppe til å unngå, at store mengder av den utsprengde steinen vil havne rett ned i elveløpet. Dette vil i så fall vere svært uhelding både for elveløpet og for fisken nedstrøms. Fisken, inklusive laks og sjøaure, vil i varierende grad kunne bli negativt påverka heilt ned til fjorden! (Steinstøv frå sprengd stein, og dynamitrestar, er ikkje bra for fisk!) Dessutan vil dei store inngrepa bli godt synlege i landskapet, og svært skjemmande sett frå vegen på motsett side av elva. Vårt syn etter synfaringa, er at nedsprenging av ei røyrgate på denne strekninga vil få så store uheldige konsekvensar at det er heilt uakseptabelt. **Vi går sterkt mot ei slik løysing!**

Under synfaringa kom det fram at utbyggaren vurderer å bore (eller sprengje?) tunnel gjennom det aktuelle vanskelege fjellpariet. Slik tilhøva er på staden, vil dette etter vår vurdering vere ei mykje betre løysing, og det einaste akseptable, sett frå vår synsstad. **Vi ber NVE om å krevje at ei slik løysing først vert utgreidd, og deretter vald viss NVE vurderer den som tilfredsstillande!**

#### **Røyrгатetrase langs Kleivelva for Utbyggingsalternativ A:**

For A-alternativet er problema knytte til traseen langs Kleivelva dei same som dei som ovanfor er omtala for B-alternativet. Men for A-alternativet blir desse problema enda større, og inngrepa blir enda meir omfattande, fordi det i dette alternativet skal leggest 2 røyr ved sida av kvarandere. Nedsprenging av røyrгата blir for dette alternativet enda meir uakseptabelt enn for A-alternativet!

For A-alternativet blir det også omfattande nye inngrep fordi røyrгата på heile strekninga frå inntaket til Skolten kraftverk og ned til kraftstasjonen må sprengast ned. 2 nye røyr ved sida av det eine som alt ligg der, vil krevje mykje fjellsprenging og store nye inngrep i tillegg til det som alt er der. Den eksisterande røyrгатetraseen for Skolten kraftverk er, sett frå nokre retningar, skjerma for innsyn av tre som veks på nedsida av traseen. Den store utvidinga av traseen som følgje av 2 nye, ganske grovt dimensjonerte røyr, vil føre til så store inngrep at dei vanskeleg let seg skjerme på same måten. Inngrepa vil bli mykje meir synlege, og mykje meir skjemmande enn i dag. Vi synest ikkje dette heller blir akseptabelt!

Vårt framlegg for å redusere problema: For A-alternativet vert røyrгата lagd i tunnel heilt frå eit stykke nedanfor kryssinga av Håsteinselva og heilt ned til, eller nesten ned til, kraftstasjonane. Det betyr at tunnelen blir ein del lenger enn den som er vurdert for B-alternativet. Kanskje blir den dobbelt så lang. Men kostnaden blir jo ikkje dobbelt så stor av den grunn, og fordelane med ein slik tunnel, samanlikna med nedsprengd røyrgate, vil bli store, **Vi ber NVE om å krevje at ei slik løyring vert utgreidd, og deretter vald viss NVE vurderer den som tilfredsstillande!**

### **Plassering av inntaket i Stølselva:**

Under synfaringa kom det fram at det vert vurdert fleire alternative plasseringar av inntaket i Stølselva. Slik vi oppfatta det, har desse ulike plasseringane mellom anna samanheng med kven som er grunneigar på dei ulike inntaksstadane, og om dei aktuelle grunneigarane er mellom dei som etter Småkraft AS si oppfatning er fallrettseigarar eller ikkje. Det kom også fram i høyringsrunden og under synfaringa at eigedomstilhøva for fallrettane er omstridde, og at dette spørsmålet er meldt inn til handsaming i Sunnfjord og Ytre Sogn jordskifterett. Resultatet av den rettslege handsaminga der kan enten bli:

1. at Småkraft AS sit syn på kven som eig fallrettane vert stadfesta, eller
2. at det vert fastslått at det er fleire fallrettseigarar enn dette.

Viss alternativ 2 skulle bli resultatet, kan det resultere i at grunneigaren i området for det øvste inntaksalternativet i Stølselva også er fallrettseigar. I så fall er det kanskje dette alternativet som vert det mest aktuelle?

Sett frå vår synsstad er spørsmålet om kven som eig fallrettane sjølv sagt heilt uinteressant, og oss heilt uvedkomande. Men for NVE er det kanskje aktuelt å vurdere å utsette slutthandsaminga av konsesjonssøknaden til etter at fallrettsspørsmålet er avklara? Dette fordi det vil kunne påverke plasseringa av inntaket i Stølselva.(?)

**Vår konklusjon:** Vi fastheld konklusjonen vår i fråsegna av 10.07.2013, om at B-alternativet er betre enn A-alternativet. **Men etter synfaringa meiner vi at det må vere eit krav for å gje konsesjon at røyrsgata på den vanskelege delen som vi har omtala ovanfor, vert lagd i tunnel.**

Viss NVE skulle velje å gje konsesjon til A-alternativet, **meinar vi det må vere eit krav at tunnelen blir lenger enn for B-alternativet, og at tunnelen går heilt/nesten heilt ned til kraftstasjonen**, slik at inngrepa frå nedsprenjing av røyrsgata vert reduserte. Dess lenger ned mot kraftstasjonen tunnelen går, dess mindre blir den negative skilnaden for A-alternativet samanlikna med B-alternativet. Men ved eventuelt val av A-alternativet, MÅ det gjerast noko med minstevassføringa frå inntaket til Skolten kraftverk og ned, i alle fall om sommaren! Sjå fråsegna vår av 10.07.2013.

Venleg helsing  
for Sogn og Fjordane Turlag  
Naturvernutvalet  
Alvar Melvær  
Tlf. 57 82 69 05